

REFERAT, RÅDGJEVANDE REFERANSEGRUPPE UNGDOMSKONTAKTEN SALTO, 25.04.16

Tilstades: Helge Kvam, Arne M. Kvamme, Åge Torsvik, Geir Øy, Marit Midtgård og Ingrid Bekkenes.

Ikkje tilstades: Svein Magne Ellingsen, Kristin Moe, Kjell Idar Vangberg

1. Politirådet

Kven som skal sitje i rådgjevande referansegruppe på Ungdomskontakten Salto? Det er ønskeleg at Kjell Idar drøftar dette i politirådet.

2. Brukarundersøking

I gjeldande samarbeidsavtale, er det lagt opp til ei brukarundersøking på Ungdomskontakten Salto. Det vart gjennomført ei brukarundersøking i 2010 (sjå vedlegg). Det vart diskutert om denne kunne nyttast igjen. Skal det gjerast endringar? Det er ønskeleg at dette vert tatt opp i politirådet.

3. Vikar

I samband med fødselspermisjon, skal det tilsetjast ein vikar på Ungdomskontakten Salto. Dei tilsette på Ungdomskontakten Salto ynskjer å vere delaktig i tilsetjingsprosessen. Fleire i den rådgjevande referansegruppa støttar dei tilsette i dette.

4. Dokumentasjon

Dei tilsette på Ungdomskontakten Salto etterlyser moglegheiter/ sikkert dataprogram for å dokumentere arbeidet på Salto. Arne M. Kvamme frå Lindås kommune seier dette kan verte mogleg når Lindås kommune skal innføre ei ny dataløysning for tverrfagleg samarbeid.

Det vert nytt møte på Salto tysdag 30. august -16, kl. 09:00.

Referent: Ingrid Bekkenes og Marit Midtgård, Ungdomskontakten Salto